



Vi er på utkikk etter medhjelparar!

Teknisk sektor i Vågå kommune er inne i ei hektisk periode med mange store bygjeprojektar og omorganisering av eigedomsavdelinga. Vi har planar om eit omfattande kartleggings- og registreringsarbeid av alle kommunale eigedomar, samt oppdacting av fleire av dei kommunale bygga.

Vi er på utkikk etter studentgrupper som kan være interesserte til å ta på seg oppdrag som;

- Utarbeide tekniske tilstandsrapporter på kommunale utleige-, omsorgs- og trygdebustader. Rapporten skal kunne fungere som grunnlag for verdivurdering og vedlikehaldsplanlegging.
- Kartlegging/registrering av brannkummer, utvendige stoppekraner, kummer for vatn- og avlaupsnett, som er tilknytte kommunale bygg.
- Oppdacting av kommunale utleige-, omsorgs- og trygdebustader, samt ein ungdomskule, eit aktivitetshus for ungdomar, 3 stk oppvekstsenter (skule og barnehage i same bygg) og 2 stk bufellesskap for psykisk utviklingshemma.
- Teikning/plan/skisse av 1 stk mindre parkanlegg med leikeapparat for barn, og 1 stk mindre parkeringsanlegg

Vi er primært ute etter bygg- og/eller arkitektstudentar som studerer på høgskule- eller universitetsnivå, som kan finne desse oppgåvene relevante og interessante som eventuelt prosjektoppgåver til sine studium.

Vi vil kunne dekke utgifter til reise, opphald, medgått materialar og eventuelt honorar etter avtale.

Håper med dette å koma i dialog med aktuelle studie-/avdelingsleiarar eller studentar som finn dette av interesse.

Ser fram til ein snarleg attendemelding.

Rune Grindstuen
Ingeniør kommunale eigedomar

Tlf.: 61 29 36 62

Fax: 61 29 36 00

Mob.: 48 26 19 36

rune.grindstuen@vaga.kommune.no

<http://www.vaga.kommune.no/>